

Grisen i bingen. *Fotograf ukjend. * Bondevennen.*

Grisen min

TOBIAS SKRETTING

Her kjem den første av tre artiklar med grisen som tema. Tilsaman teikanr dei eit bilete av både den historiske og den moderne grisen.
Dei tidsbileta Tobias deler me oss her, er historie. Han fortel om ei tid då grisen kunne vera mest som eit familemedlem, men likevel enda opp som mat på fat.

Dette var i dei mørke krigsåra. Far var lærar i ein todelt skulekrins inne i fjorden innafor Farsund. Det var fattigslege tilhøve i heile krinsen. Me var far og mor og 5-6 ungar i lærarbustaden samanbygd med skulestova. Og den nokså rikeslege tilgangen på matvarer hjå folket vårt heime på Jæren, var svært langt frå vår kvardag.

Men så laga det seg slik at far og mor hadde fått tak i ein grisunge Ja, me hadde nok to slike grisar i desse krigsåra, men for meg flyt dei saman til ein. Grisungane kom truleg frå morfar heime på Kvia. Far Kvia var kretturhandlar og leverte grisungar frå Voss til Lista, sjølv i krigsåra. Eg veit at det kom ein gris til den pensjonerte læraren i Kjørrefjord, Anders Tobias Grostøl på Stokke, for han sende kvittering tilbake:

Grisen kom på tida
fra Tobias Kvia.
Never mind prisen,
poenget er grisen!
Han tykte kanskje at prisen var noko dryg.
Men eg tolkar helsinga som ein velmeint takk
for grei levering.

Ja, det kan vera det same kor grisen kom frå, men kjærkomen var han. Hus fekk han i ein garde i vedhuset. Men i dei første gode vår- og sommarvekene hadde grisen omtrent frigang og var som ein ekstra leikekamerat for oss ungane. Han var mest som ein hund for oss. Me klappa og klådde han og kappsprang med han i leiken. Eg lika også godt å klatra opp i garden til han når han låg og sov og leggja meg attåt han med kinnet mitt mot den mjuke, varme



Tobias og faren.

kroppen. Det var så kvilande og fredeleg, og så lukta han så godt!

Ein gong tok han oppover lia på den svingete heievegen. Søster mi prøvde å halda han att med fast tak i begge griseøyrene, men grisen var mykje sterkare enn den vesle jenta. Og det bar til skogs i desperate byks med både grisen og Dagfrid. Kven som skreik høgast, ho eller grisen, skal eg ikkje ha sagt. Men eg kan hugsa at mor ikkje var til noka hjelp. Ho stod heime i kjøkkendøra og heldt på å knikka seg av låtт!

Skulehuset som også var bustad for lærarfamilien.

Grisen levde av sydrer og allslags samanraska mat. I fjorden var det massevis av blåskjøl og mor koka store gryter som me ungane måtte reinska til grisemat. Me stappa også mykje i eigen munn. Og både me og grisen tykte det var svært godt. Men grannane våre var ikkje vane med slik mat og jamra seg på sitt vis: *Nei, kan du tenke deg te, gudan˙ uda Skretting ede sjell!*

Når hausten kom, hadde grisekameraten vår vorte tung og lat og ville helst liggja i fred og ro i garden sin. Me samla eikenæter i skogen og prøvde å lokka han med. Han lika også den maten, men snudde seg frå oss når han hadde fått sitt. Og la seg på sida og grufla og smågrynta.

Eg hugsar ikkje så mykje frå sjølve slaktinga. Men eg la merke til at slaktaren skulle ha noko av slaktet, og at mor ikkje var heilt fornøgd med utført arbeid. Han hadde ikkje vore heilt heldig med sjølve stikkinga, og mor ga han det stykket som han hadde stukke så forkjært i. Eg kan hugsa at det var blodut og lite tiltalande. Eg kan hugsa at dette undra meg noko då. Men seinare har eg tenkt at alt slikt også hadde med lærdom og livsrøynsle å gjera. Og eg reknar med at også slaktaren var velnøgd både med arbeidet og løna.

Det er mykje mat i ein griseskrott. Og i den tida med heimeslakting vart så å seia alt nytta. Mor var flink og visste vel korleis alt skulle vera. Dei næraste naboane skulle også ha sine stykke. Dette var i krigsåra, og eg oppfatta slikt som heilt sjølvsagt då. Det litle ein hadde, skulle fordelast til felles beste. Men i ettertid har eg nok sett samanheng med gamle, nedervde skikkar og bondetradisjonar også i dette. Slik mellom andre Flinta-Lars fortel om julegalten og gammal tradisjon som var levande på Jæren like til slutten av 1800-talet:

> Den som fostret den, var nok i ordets forstand eieren av den, og rådet for den, men på den annen side var den en felles eiendom, hvortil hans nærmeste naboer efter en mer enn tusenårig hevd og skikk hadde rett til en andel, hvilket enhver anstendig mann var pliktig efter tur til å yte. Selv om det var bittert fiendskap mellom to nabofamilier, måtte den skyldige avgift av julegrisen erlegges; for det betraktedes som en lovlig æresgjeld som ikke kunne unndras enten man var venn eller fiende.

Garden til Peder Okka på Njærheim.

Eg tenkjer nok både mor og far var oppvaksne i ein slik tradisjon, sjølv om det der og då ikkje var nokon fiendtleg granne å kampast med. Men det eg hugsar best frå desse dagane, er all den gode maten. Me var utsvelta på kjøtmat. Og nå fekk me blodkomla med stor isterdott i kvar einaste komla, og rikesleg med flåt til å duppa i. Og me fekk blodpannekaker og steikt ferskt kjøt, flesk og ertesuppe og etter kvart også syltaflesk. Det var ein velstand og ei fråtsing som mest høyrde eit høgare tilvære til. Ja, sjølvsagt ikkje alt på same dagen, og alt nøye utdelt av ei omsorgsfull og framsynt mor, men allikevel!

Når griseskrotten var vel partert og salta ned, hadde eg sett snitten til å lura meg vekk med grisehalen. Og nå var det min tur til å ha slaktesjau. Halen vart delt i småstykke, likt resten av grisen, og slik at stykka hekk noko saman etter fleskesvoren. Og neste steg var nedsalting i ein tom kippersboks. Dei som er gamle nok, vil hugsa desse ovale, flate boksane. Og eg tok vel vare på min private saltebalge og følgde med i konserveringsprosessen frå dag til dag. Eg reknar med at eg var passeleg lei etter ei vekes tid, og fann eit høvande hol å dumpa kjøtlageret mitt i. Det var spanande og lærerikt så lenge det varde!

Ja, slik er minna om min aller første julegris. Og i mine tidlegaste år her på Njærheim på garden der eg framleis har heime, hadde me til vanleg ikkje gris. Men ein gong kom Peder Okka heim med ein liten miskunnsting av ein grisunge som han hadde fått for ein slikk og ingenting, og som naboen berre var glad for å verta kvitt. Og etter ein sommar og haust vart også dette ein smellfeit slaktegris som sat i båsgarden sin i fjoset på den breie bakenden mesteparten av sine siste dagar.

Det hadde seg slik at den vesle grisen fekk plass i ein tom bås i fjoset. Båsen var omtrent 110-115 cm brei og 165 cm bak til renna. Me laga så stengsle bakover frå dei tette trebolkane og likt på tvers mot renna. Der sette me då først ei solid tretro på skrå med passeleg opning utanfrå til å slå i mat. Så var det å spikra føre høvelege bord til passeleg høgd. Me måtte nok også stengja litt framme mot forgangen både fordi grisen som sagt var svært liten og fordi Peder Okka slett ikkje ville ha fjølene i stengslet sundbitne. Jau då, det vesle nurket hadde det godt der på halmsenga si. Og han var reinsleg av seg og gjorde frå seg ned mot renna så lenge han hadde rørslerom nok. Grisen treivst, åt alt han fekk, sov godt og kom snart i fin vokster. Og mat var det nok av. Sjølvsagt sydrer frå kjøkkenet, men det forslo lite med ei nøysam og pinaktig matmor ved grytene. Der vart ikkje kasta meir enn høgst naudsynleg.

Men med høns som skulle ha si daglege knøa og nå også grisen, vart det gjerne koka litt druse med poteter utan å sortera vekk skada og turråtne. Og med eplesø og epleskrell, kanskje litt komlesupa, skummamjølk frå meieriet, heimavla havremjøl frå Lodemølla, småpoteter frå brunngryta og litt her og litt der var det ikkje vanskeleg å laga god grisedrevja. Alt gjekk til håls med slurping og godlåt både for mat og ryggkløing frå ein fornøgd liten griserøktar før halmsenga og middagskvilda kravde sitt. Å ja, me hadde det rimeleg godt både eg og grisen kan du tru!

Treivst og vaks gjorde han og, dag for dag. Men plassen minka etter kvart som ruggen la på seg. Sjølvsagt vart det altfor lite mosjon og dårlegare kondis med aukande vekt. Og dei siste vekene sat han helst på den breie baken sin, også når han åt. Då måtte eg passa på å reinska opp i garden og hiva nytt boss inn før karen gryntande velta seg over på sida og venta seg ein koseklapp av vesle drengen før dei smilande augo seig inn i svevnen att.

Sant å seia hadde eg ikkje tenkt så mykje på kvifor me hadde denne grisen. For meg var det helst berre kos og gode sommardagar. Men gamle Peder hadde full kontroll, også over grisen sitt endelikt. Og utpå seinhausten kom Enevald Vigre til gards med slaktevelda sine. Eg måtte av i stolpabuå etter hammar og klypetong for å fjerna stengslet mot renna. Og Peder fann snøre med renneløkkje til tryneband. Dette fekk Enevald på plass i grisekjeften og sende tampen over til meg. Så skulle eg gå først og liksom dra litt i bandet medan Peder og Enevald gjekk bak og skubba på.

Og når grisen omsider fekk setja føtene under seg på den turre, sjøsandstrødde bakgangen, gjekk det rimeleg greit å losa han ut mot fjosdøra. Der stoppa han opp og myste forundra ut mot den store verda. Han var nok både forviten og litt redd alt dette nye, men karane bak skubba på og fekk han ut døra og nokre steg nærare kjerrehusdørene der øksa låg klar. Grisekompisen min gjorde eit par små hopp og eg stramma til i trynebandet for å losa han på rett veg.

Men det skulle eg nok ikkje ha gjort. Dette tullet med tryneband som Enevald praktiserte, var vel helst ein rest frå riktig gamle dagar. Då var det slik at grisen skulle «eltast» før slakting. Og eltinga gjekk ut på å jaga den arme offer-

grisen i tanande sprang like til stakkaren ikkje greidde meir. Det skulle visstnok ha svært god effekt på fleskekvaliteten. Så vidt eg veit, er det heilt motsett i dag. Nå skal alt gå roleg og fint for seg også ved slaktebenken.

Trynebandet hadde omtrent den same effekten som jagarane ved eltinga. For som «alle» veit, er grisen den staaste skapnaden på Guds grøne jord. Og då eg drog i snøret for å styra sommarvenen min roleg mot øksehammaren, vart utfallet det stikk motsette. Dyret sette i dei mest skingrande og ville hyla som til den tid, før moderne forsterkarar vart vanlege på den jærske bondebygda, hadde eksplodert inn i øyregangane mine. Og nå kan du verkeleg tru at kraft og tempo var på topp hjå den tidlegare latsabben. Den vesle drengen vart slengd som ei flaksande, stormjaga høne i trynebandtampen alt medan dei vaksne karane, som ein vel skulle kunna ha venta hjelp frå, stod att i fjosdøra med flirande augo og berre såg ut til å ta oppstyret som eit oppkvikkande avbrekk i den travle dagen.

Eg torde ikkje for harde livet sleppa tampen. For så langt eg der og då kunne skjøna, var ansvaret for grisen til så lenge lagt i mine små hender. Og som vanleg er, så også her: Lukka står den kjekke bi! Og ferda vart ikkje så lang som kanskje dei mest svartsynte profetane kunne fabla om. For der, i enden på løeveggen, fekk grisen til mi store glede auga på den opne døra inn til torvhuset.

Stakkaren tenkte nok å finna vegen inn att til den trygge bosslega si, men her var det på eit noko anna vis. Torvstaen låg fint oppstabla ved den indre veggen, og dit bar det med rasande fart og ville hyl, beint inn i og under i det knasturre torvet frå Uelandsmyrane. Og med ei passeleg mengd torvmø inn i dei siklande tryneopningane, tagna skrika temmeleg kvikt.

Og endeleg kom også gamlekarane til hjelp og overtok ansvaret med sterke armar og rolege fakter. Og eg kunne berre tusla etter alt medan eg snaut meg og sputta og fekk opna luftvegane så nokolunde. Men du og du, nå skulle du sett grisen! Den korte striden hadde gjort han varm og sveitt. Og basketaket i torvstaen hadde kvervla opp det turre torvmøet i eit rok som fordelte det jamnt over heile den sveitte kroppen. Og det som før, i det minste mine augo, hadde vore ein nokolunde rein, ljosraud og ven gris, var nå som eit jordsvart monster der berre augo lyste ut av torvsminka som små, raude glør. Ja ja, når eg tenkjer meg om, såg eg nok ikkje likare ut sjølv heller!

Eg har ikkje tenkt å koma med utfyllande lærdom om griseslakting her. Det kan andre gjera langt betre enn eg.

La det berre vera sagt at det vidare forløpet med avliving, røring i blodfatet, skolding og partering, gjekk etter god gammal oppskrift. Og før kvelden var dei fire grisepartane hengde på kraftige spikrar i kjellartaket. Og nå kan du tru skrotten var rein i svoren! Det var mest som når ein varm, skiten liten dreng hadde fått vrengt av seg klerne og kraup nyvaska og trøytt til sengs. Nå ja, det var kanskje ei noko skurrande samanlikning ettersom grisen nå hadde vandra inn i sin siste solnedgang, og eg skulle vera klar til nye eventyr neste dag.

Til kveldsmaten vanka det nysteikte blodpannekaker. Og dagen etter kom blodkomla og ferskt, kokt flesk og kjøt på middagsbordet. Resten av arbeidet med slakteskrotten, med oppdeling og nedsalting, koking av hovudet til syltaflesk og den følgjande nærast heidenske matgleda utetter vinteren, får vera ei anna soge. La meg berre nemna at dei gamle tradisjonane med fleskestykke til grannane når slaktinga var fullført, var levande også på Njærheim. Griseskrotten vog sine 105 kilogram. Og dei meir enn tommetjukke fleskesidene var til stor ære både for den som hadde stelt grisen gjennom ein lang, lukkeleg sommar og for bonden og matmora på garden.

Eg skreiv ein gong ein visetekst om barndommens matkultur. Som tittel sette eg: «Min barndoms symfoni». Med i symfonien var både flatbrødbaking, bakemjølet, komla med dott i og sjølvsagt også grisen. Og det var nok både Listagrisen og grisen i saltebalgen i kjellaren på Njærheim som inspirerte til den teksten. Heile denne viseteksten er teken med i Årbok for Jærmuseet nr.11, 1999. Men eg vil likevel her ta med det siste verset, fordi det passar så godt inn også i denne samanhengen.

Grisen er verde et vers for seg sjøl.
Fora på sydre og heimavla mjøl,
hål som en aure i førsommarsprang,
men leiken vart 'kje lang.

Eg auste te an havramjøl og kveide,
og me slakt'an som et haustoffer
dagmette og feide.
Å, kan du husa kolles fleskjet livde
når me fekk det innpå tennene?
Og med flabbrød te!

I gamle dae var maten meir
enn kokkekunster i et restaurantreir.
Min barnesommars
leik og lukt og minne!
Flesk og komla og flabbrød er med i
min barndoms symfoni.